

Handlingsplan 2022

Valdres Natur- og Kulturpark



Rømmegrøt frå Valdres. Foto: Cathrine Dokken



Innleiing

Valdres Natur- og Kulturpark (VNK) er ein bygdeutviklingsregion som gjennom langsiktig merkevarebygging knytt til natur- og kulturverdiar – og lokal styring – skal gje auka verdiskaping og livskraft i lokalsamfunnet. Samtidig tek Valdres vare på og utviklar viktige verdiar av lokal, nasjonal og internasjonal tyding for framtidige generasjonar. Valdres er ein Natur- og Kulturpark der samarbeid mellom offentleg og privat sektor er grunnleggande.

Målsetjinga er at Valdres er landets sterkeste regionale merkevare i 2027, og innsatsområda i langtidsprogrammet skal vere med på å utvikle innhaldet i varemerket til å bli ei merkevare. Arbeidet i parken skal ha ein grøn profil og ta ut meirverdien i organiseringa som natur- og kulturpark.

Valdres har motteke Innovasjon Norge sitt merke for Berekraftig reisemål. Verdigrunnlaget til VNK saman med merket for Berekraftig reisemål vil vera med på å gje tydleg profil til Valdres, både i utvikling av produkt og i kommunikasjon framover. Innlandet fylke legg òg FNs berekraftsmål til grunn i si utvikling og har sterkt fokus på måla, dei er tverrgående i den nye planstrategien. Innlandet fylke sin regionale plan for klima, energi og miljø har som eitt av måla sine: «bidra til bærekraftig forvaltning av naturressursene og skape nye grønne arbeidsplasser». Regional plan: Det inkluderande Innlandet og måla som er sett der samsvarer med verdigrunnlaget til VNK. Alt arbeid i VNK skal vera tufta på økonomisk, sosial og kulturell berekraft. Dette fordrar inkludering av menneska og tilgang til samfunnet for alle, uavhengig av alder, kjønn eller etnisitet

VNK vil gjennom arbeidet sitt bidra til at valdreskommunane og Innlandet fylkeskommune når måla sine. VNK er oppretta som eit samarbeidsorgan, og det er gjennom samarbeid me kan få til endringane. (FNs berekraftsmål nr. 17)

VNK er medlem av Norske Parker og Europark, sjå norskeparker.no

Verdiløftet til Norske Parker er: «levende landskap». Arbeidet med tydelege og berekraftige «signaturopplevelingar» i parkane er arbeid med å ivareta og utvikle grunnlaget for både bulyst og reiseliv.

Nyskapings- og omstillingsprogrammet for Nord- Aurdal kommune skal gje grunnlag for vekst og utvikling i Valdres. Programmet har fem innsatsområde og mange tangeringspunkt med arbeidet i VNK. Samarbeid er viktig også mot dette programmet. VNK har saman med omstillingsprogrammet identifisert område innan merkevare, kommunikasjon, vertskap, lokalmat, bustader og tilrettelegging der det er naturlig med samarbeid.

Hytteeigarar i Valdres skal omtala som deltidsinnbyggjarar og i VNK sitt arbeid delta som til dømes i Valdresrådet. I VNK sitt arbeid skal det leggast til grunn at deltidsinnbyggjarane er meir lik ein innbyggjar enn ein turist i Valdres.

VNK baserer verksemda si på følgjande dokument:

- 10-årig avtale (charter) mellom valdreskommunane om lokal samfunnsutvikling 2017-2027
- Vedtekter/samarbeidsavtale
- Mulegheitsstudie for næringsutvikling i Valdres, «Tradisjon og innovasjon»
- Innlandsstrategien 2020 - 2024 og dei vedtekne planprogramma
- Årlege handlingsprogram

Dokumenta til VNK finn du under Valdres.no.

Handlingsprogram 2022 er bygd opp etter mal frå vedtekta/samarbeidsavtala:

Merkevara Valdres er den rauda tråden i handlingsprogrammet for 2022 der alle mål og tiltak innan dei ulike innsatsområda bygger opp om merkevara Valdres. Den rauda tråden i merkevarebygginga er eit sterkt fokus på sanseomgrepet – som vart vedteke ved opprettninga av VNK – «Valdres skjerper sansane».

Langsiktig mål

"Valdres skal bli landets sterkeste regionale merkevare i 2027". Regional merkevarebygging er hovudsatsingsområdet, alle dei andre innsatsområda og tiltaka støtter opp omkring dette hovudmålet, den rauda tråden.

Merkevarebygging av ein region handlar om å dyrke dei unike verdiene som ein region har. Ei sterkt merkevare blir brukt for å vise kven ein er, for å skilje seg ut frå dei andre. Samstundes kan ei sterkt merkevare fungere som sosialt lim mellom menneske både utanfor og innanfor ein region.



Kurv og hyttekos. Foto: Cathrine Dokken

«Valdres skjerper sansane» er ein påstand Valdres som region og merkevarer gjev forbrukar. Dette skal vi i det vidare arbeidet knyte sterkare opp mot produkta og opplevingane Valdres som region gjev. Om vi «dramatiserer» dette godt i kommunikasjonen vår, vil dette vera med på å differensiere oss frå konkurrentane samstundes som det identifiserer produkta våre på ein god måte.

Mål

Vera tydelege og konsekvente på at slagordet "skjerper sansane" skal kunne knytast endå sterkare opp mot varer, tenester og opplevingar som Valdres leverer. Det må inngåast samarbeid/avtalar med aktørar i Valdres som leverer produkt og tenester som støtter opp om dei verdiane merkevara Valdres står for.

Innatsområda har eigne kapittel:

- 1 Leve i Valdres
- 2 Næring i Valdres
- 3 Kultur i Valdres
- 4 Frisk i Valdres
- 5 Kompetanse i Valdres
- 6 Merkevara Valdres

Merkevara Valdres og administrasjon er område som grip inn i alt arbeidet. Administrasjon og budsjettføresetnad har eit eige kapittel VII mot slutten av dokumentet

Avslutningsvis er det ei oversikt over samarbeidspartar.

Budsjett 2022 (tala er i heile tusen)

	Innsats	Tiltak	Merknader
Leve i Valdres			
Bulyst	439	120	150 søkes
E16	198	30	
Stamvegutvalg E16	35		
Breiband	318	15	
200 Næring i Valdres			
VNH	520		VNH 500
Anna næring/hytte/landbr.gen.	115		
Lokalmat	383	312	
Framtidstru, landbr. prosjekt	257	82	
300 Kultur i Valdres, Kulturminner			
Kulturminner	53		
Tilrettelegging /oppfølgingk.planer	228	15	
Stavkyrkjer	138	85	
Norsk seterkultur	106		
Kongevegen, masterplan	280		
Kultur	166	7	
Festivalar	659	507	Festivalstøtte 500
Ungdom	559	400	UiV 350`
Folkemusikk, Notid og framtid	60	60	
400 Frisk i Valdres			
Folkehelse	61		
Valdres friluftsråd	325	112	
Stigar og løyper	690	255	170 søkes
Friluftsporter	120	67	
Friluftsskoler	191	133	133 søkes
Aksjon Aqua	444	230	350 søkes
Div. prosjekt FR	211	105	140 søkes
Friluftslivets ferdelsårer	425	10	
500 Kompetanse			
ValdresVert	379	220	50 søkes
600 Merkevaren Valdres			
Profileringsartikler	50	20	Profilering
Bok	1014	730	
Salg av tjenester	159		
Digitale flater	715	100	
Kommunikasjon	858	300	Inkl. Valdresmagasinet
Administrasjon			
Adm	1474		70 uforutsett
Samla sum	11 630		

Innsatsområde

I Leve i Valdres

Hovudmål:

Positiv utvikling i folketaket i Valdres

Bulyst

Mål:

- Auke attraktivitet til Valdres som ein felles bu- og arbeidsregion

Delmål:

- Fleire skal velja Valdres
- Det skal bli enklare å navigere digitalt om ein vil finne bustad og arbeid i Valdres
- Valt løysing skal gje grunnlag for kampanjar og kommunikasjon av Valdres som felles bu- og arbeidsregion

Tiltak:

- 1. halvår 2022, forprosjekt som skal:
 - Dokumentere no-situasjonen og levere ei GAP analyse
 - Avklare samarbeidspartar og -former
 - Velje digital plattform og samarbeidsløysingar
- 2. halvår avklare løysingane med Regionsstyret og iverksetje valt løysing

Breiband

Mål:

- Bidra til at Valdres får auka tilgang til breiband

Delmål:

- Midlane som er tildelte til breiband blir nytta best mogleg i høve til prosjektplan
- Nye søknadar blir fremma frå Valdres
- Følgje opp, rapportere og avslutte pågåande prosjekt
- Auka inkludering i samfunnet for folk og bedrifter i Valdres

Tiltak:

- Godt samarbeid med kommunane og fylkeskommunen om arbeidet
- Ha god kontakt med tilbydarar og Innlandet fylkeskommune i arbeidet

Samferdsel

Mål:

- Bidra til raskt, effektivt og sikkert transporttilbod for å auke regionens attraktivitet, konkurransekraft og inkludering

Delmål:

- Bidra til raskast mogeleg fullføring av E16 til stamvegstandard
- Bidra til opprusting av dei viktigaste fylkesvegane
- Bidra til eit best mogeleg busstilbod, i og til og frå Valdres, derunder betra infrastruktur som busskur og haldeplassar

Tiltak:

- Arbeide med påverkingsarbeid administrativt, og legge til rette for det politiske arbeidet overfor avgjerande myndigheter. VNK bidreg til lokal tilrettelegging og samordning av synspunkt og prioriteringar i arbeidet med E16. I dette arbeidet er sekretariatsfunksjon for Stamvegutvalet E16 og Vegforum E16 viktige, i tillegg til Valdres sine eigne vedtaksorgan.
- Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og kommunikasjon rundt dette



2 Næring i Valdres

Hovudmål:

Skape fleire arbeidsplassar

Mål:

- Næringslivet skal vera med å gjera Valdres til landets sterkeste regionale merkevare, og bidra til at Valdres i framtida blir forbunde med soliditet, kvalitet og pålitelighet.
- Det etablerast nye arbeidsplassar i Valdres

Delmål:

- Auka verdiskaping knytt til valdreskulturen

Tiltak:

- Vidareutvikling av bedriftsnettverk – i samarbeid med Valdres Næringshage AS (VNH) og Visit Valdres AS (VV)
- VNH har ansvar for mobiliseringstiltak for etablerarar, rettleiing og etableraroplæring (VNH har ei viktig rolle i fyrstelineteneste i høve til næring i Valdres. Valdreskommunane kanaliserer sitt bidrag til dette gjennom eit øyremerka tilskot til Valdres Næringshage)
- Samarbeid med og koordinering av moglege fellestiltak med valdreskommunane, Valdres Næringshage AS, Visit Valdres AS og andre relevante næringsaktørar
- Støtte opp om VNH sitt arbeid med Innovasjonsløft Valdres som starta opp i 2021
- Valdreskonferansen 2022, VNK er medarrangør i VNH sin konferanse
- Kommunikasjon mot deltidsinnbyggjarane for å auke bruken av deltidsbustaden

Landbruk

Mål:

- Regionstyret ynskjer tydeleg satsing på det tradisjonelle landbruket som motor i landbruket i Valdres
- VNK skal medverke til at flest mogleg i næringa og i politiske miljø bidreg aktivt til vidare utvikling i landbruksnæringa
- Primærnæringa med råvarer og foredra produkt, reiseliv, opplevelingar, kulturlandskap og kunnskap skal bidra til å bygge merkevara Valdres

Prosjektet «Lokalmat frå Valdres 2019 - 2022

Mål:

- Auke verdiskaping frå produksjon og sal av lokalmat frå Valdres
- Kople lokalmat og reiseliv for å løfte Valdres som region
- Lokalmat frå Valdres skal bidra til å bygge merkevara Valdres og utvikle Valdres som berekraftig reisemål

Resultatmål:

- Oppnå vekst og utvikling mellom produsentane av lokalmat frå Valdres
- Tilgangen av lokalmat frå Valdres, spesielt i HORECA-marknaden, skal bli betre
- Regionen skal i større grad ta ut potensialet som ligg i dei to nasjonale matskattane Rakfisk frå Valdres og Kurv frå Valdres som har oppnådd beskytta geografisk nemning
- Mobilisere produsentar til vekstfinansiering i Innovasjon Norge



Tiltak:

- Kople lokalmatprodusentar og reiseliv med formål å få lokalmat inn på menyen gjennom m.a. å arrangere snøgg treff eller B2B-møte (samarbeid med Visit Valdres og Valdres Næringshage)
- Mobilisere og stimulere til etablering av nye produsentar og nye produkt (samarbeid med Valdres Næringshage)
- Marknadsføre og synleggjera lokal mat frå Valdres, m.a. den gode historia og produsere materiell til bruk i HORECA og butikk
- Kompetanseheving. Setja fokus på oppskrifter og rettar til inspirasjon og motivasjon. Gjennomføre kurs og studietur. kople produsentar med kompetanse- og forskningsmiljø i samarbeid med Valdres Næringshage.
- Vidareutvikle arrangement – i fyreste rekkje Valdresdagen med Valdresgildet og Rakfisken med lokalmatmarknad og bruk av Rakfisk frå Valdres og Kurv frå Valdres som har oppnådd beskytta geografisk nemning
- Bidra til å utvikle opplevelingar med utgangspunkt i lokalmatproduksjon, t.d. opprette Matrute Valdres i tett samarbeid med Visit Valdres og andre relevante aktørar.

Samarbeid med næringa, kommunane, Statsforvaltaren og Landbruksrådgjeving Innlandet avdeling Valdres om:

- Å synleggjera og utvikle landbruket vidare
- Innsats for eit aktivt skogbruk i heile Valdres, samt å oppretthalde og vidareutvikle treforedlingsindustri
- Å førebu og gjennomføre prosjektet «Framtidstru for landbruket i Valdres»

Prosjektet «Framtidstru for landbruket i Valdres»

Mål:

- Betre lønsemeld
- Større framtidstru
- Auka kompetanse

Satsingsområde i prosjektet :

- Grovförbasert husdyrhald
- Bruk av innmarks- og utmarksbeite, stølsdrift
- Lokalprodusert mat med vekt på grøntproduksjon
- Rekruttering, kvinner i landbruket, vaksenagronomutdanning og mentorordning

Tiltak 2021-2022 (Fase 1)

Inspirasjonsmøte, to studieturar, lokale bondekafevar og hente inn innspel til hovudprosjektet.

Mogelege tiltak 2022 (Fase 2)

Fagmøte og markdagar, kurs, og faggrupper. Viktig også å ha aktivitetar i fellesskap for å inspirere kvarandre og skape gode familjø, t.d. studieturar. Aktuelt å tilby individuelle rådgjevingspakker, jf. fleire andre landbruksprosjekt i Innlandet.

Landbruksforum for Valdres

Bidra med marknadsføring og praktisk hjelp til arrangør.

Reiseliv

Mål:

- Bidra til Berekraftig reisemål med innhold fra ulike innsatsområde som:
 - Lokalmat (prosjekt 2019-2022),
 - Kulturarbeidet (tilrettelegging og oppfølgingsarbeid)
 - Valdres friluftsråd (aksjon Aqua, tilrettelegging og kommunikasjon av stigar og løyper)
 - Kommunikasjon av merkevara Valdres
 - Utvikle ValdresVert
- Bidra til gjennomføring av regionens reisemålsstrategi 2025
- Bidra til å styrke Valdres som reisemål for å skape fleire attraktive heilårs arbeidsplassar
- God digital kommunikasjon til ulike målgrupper

Tiltak:

- Fylje opp partnarskapsavtalen med Visit Valdres A/S
- Delta i etablering av ei destinasjonsleiing for Valdres
- Vidareutvikle og driftet felles nettportal valdres.no saman med Visit Valdres A/S
- Foto, film og biletavtalar, fornying saman med Visit Valdres A/S
- Grønt reiseliv, delta på styremøte i gards- og stølsnettverket i Valdres
- Innhaltsutvikling og oppfølging av OutdoorActive i tråd med nye retningsliner i samarbeid med Valdres friluftsråd og Visit Valdres A/S
- Oppfølging turar på UT.no i samarbeid med DNT Valdres og Valdres friluftsråd

3 Kultur i Valdres

Hovudmål:

Valdres skal bli best på samhandling i Innlandet med utgangspunkt i kulturfeltet

Delmål:

- Styrke merkevara Valdres gjennom kulturuttrykk
- Bidra til auka verdiskaping knytt til kulturarven
- Involvere unge i natur- og kulturarven i Valdres
- Bidra til å vare på og vidareføre immateriell kulturarv i Valdres med tyngdepunkt innan bunad og folkedrakt, folkemusikk og dans, stølskultur og krigshistorie
- Bidra til gode utviklingsmiljø for kultur
- Bidra til tverrfaglege samarbeid
- Støtte opp om og samarbeide med kompetansemiljø og eldsjeler i Valdres
- Vidareutvikle lokal forvaltningsmodell for natur- og kulturarven

Tiltak:

- Samordne kulturarbeidet i Valdres gjennom Kulturnettverket, Valdres stavkyrkjeforum og Festivalnettverket i Valdres
- Følgje opp kommunanans kulturminneplanar
- Følgje opp initiativ og prosessar som tek vare på og vidareutviklar ansvarsområda stølsdrift og mellomalderkyrkjer
- Vidareutvikle ungdomsarbeid gjennom Ung i Valdres og Ung i Park

Folkemusikk

Mål:

- Stimulere til auka produksjon og kvalitet på folkemusikkproduksjonar
- Bidra til etterspurnad og framsyningssarenaer for folkemusikk

Tiltak:

- Administrere tildeling av produksjonsstøtte. Kulturkontora bidreg med ein sum til produksjonsstøtte etter 2-årige avtalar mellom VNK, Valdresmusea og kommunane
- Invitere og legge til rette for samarbeid

Festivalar

Mål:

- Festivalane skal vera ein tydeleg del av merkevarebygginga

Delmål:

- Bidra til å styrke konkurransekrafta i kvar enkelt festival
- Bidra til å styrke spesielle særtrekk som skil Valdres frå andre festivalregionar
- Bidra til kunnskapsdeling og auka kompetanse
- Bidra til samhandling
- Bidra til å gjere festivalane meir robuste

Tiltak:

- Arbeidet blir gjennomført i samsvar med festivalstrategi for Valdres
- Forslag til fordeling av festivalstøtte
- Arrangere minst fire nettverkssamlingar
- Følgje opp initiativ til kompetanseutvikling

Ungdom

Mål:

- Ungdommane skal få handlingsrom til å bidra aktivt til å utvikle framtidas Valdres

Tiltak:

- Vidareføre arbeidet i Ung i Valdres med trivselstiltak for ungdom knytt til VGS og årleg musical Aktivitetane blir organisert gjennom eigen prosjektleiar ved VGS saman med Innlandet fylkeskommune
- Vidareutvikle Ung i Park /Junior rangers i samarbeid med skular, Ung i Valdres, Valdresmusea og frivillig sektor
- Vidareføre samarbeidsavtale med Team Ski Valdres (sjå merkevare)
- Samarbeide med andre regionale ungdomstiltak som UKM, Ung i Valdres og Strunkeveka
- Involvere ungdom meir i regionale rådgjevande organ

Oppfølging av kulturminneplan/ tilrettelegging av kulturminne

Mål:

- Auka oppleveling knytt til fysiske kulturminne og stadbundne hendingar

Tiltak:

- Følgje opp kulturstigar og prioriteringar i kommunane sine kulturminneplanar
- Samarbeide med Valdresmusea og VerneVøla om kurs og kompetanse
- Bidra med søknadshjelp m.m.
- Vidareutvikle etablerte vandrevegar som Stølsruta som Historisk vandrerute, Pilegrimsvegen, og Kongevegen over Filefjell
- Etablere prosjektsamarbeid for status og tilrettelegging av Den bergenske kongevegen som vandreveg gjennom heile Valdres (opprettast som eige arbeidsfelt) og Fluktruta for tungtvass-sabotørane gjennom Valdres

Masterplan for Den bergenske kongevegen gjennom Valdres

Mål:

- Auka verdiskapinga knytt til Den bergenske kongevegen gjennom Valdres

Tiltak:

- Etablere arbeid og struktur
- Involvere kommunar, grunneigarar, historielag, ressurspersonar og andre interessentar
- Vurdere tilstand og tiltak
- Lokalisere og involvere aktuelle bedrifter
- Søke støtte

Mellomalderkyrkjer (stavkyrkjer og steinkyrkjer)

Mål:

- Vidareføre arbeidet for å lyfte mellomalderkyrkjene og kyrkjehistoria i Valdres som opplevingsprodukt. Dette inneber lokalt, regionalt og nasjonalt samarbeid, kompetansebygging og marknadsføring

Tiltak:

- Følgje opp tilrettelegging knytt til Lomen stavkyrkje og Verdiskapingsprogrammet
- Følgje opp utstilling i nytt sørvisbygg ved Øye kyrkje
- Støtte arrangement som byggjer opp om målsettinga
- Arrangere vertskapskurs for guidane
- Samordne stavkyrkjearbeidet i Valdres gjennom Valdres stavkyrkjeforum
- Drifte facebooksida for Stavkyrkjene i Valdres
- Utarbeide brosjyre om opningstider
- Bidra til regional samordning av tiltak knytt til 1000 –årsjubileet 2023. Knyte arbeidet til prosjekt «Vandring i kyrkjehistoria»
- Bygge opp om Valdresmusea som regionalt kunnskapsnav for mellomalderkyrkjene i Valdres

Norsk seterkultur

- Fungere som sekretariat og dagleg leiar for Norsk seterkultur (førebu styremøter, årsmøte, fagsamlingar mm, drifte seterkultur.no og Facebook)
- Marknadsføre og administrere ordninga beskytta nemning for setersmør
- Følgje opp hovudprosjekt for listeføring av seterkulturen i UNESCO for immateriell kulturarv
- Samarbeide med internasjonale organisasjonar som EFNCP, Euromontana, Interreg, WHO m. fl.



Mo kyrkjeruin



Slidredomen



Hedalen stavkirke. Foto: Liodden

4 Frisk i Valdres

Hovudmål:

Valdres skal vera ein leiande region på førebyggjande helsearbeid

Delmål:

- Valdres skal vera ein region der fysisk aktivitet er grunnlag for helse, trivsel og opplevingar
- Valdres skal vera gode på skilting, merking og tilrettelegging av stigar og løyper
- Auka verdiskaping for næringslivet

Tiltak:

Folkehelse

- Vidareføre koordinatorrolla for kommunalt folkehelsearbeid, samordning av ressursar og samhandling og erfaringar mellom VNK og kommunane

Friluftsliv

Tiltaka gjennomførast av Valdres friluftsråd i samarbeid med VNK, sjå eigen handlingsplan for friluftsrådet med oversikt over alle tiltak.

- Vedlikehald av turstignettet i Valdres med aktuelle samarbeidspartar
- Gjennomføre tre friluftsskular i Valdres
- Synleggjering og bruk av friluftslivet i Valdres
 - Kartlegging av tilgjengeleghet og universell utforming for uteområde
- Fortsette arbeidet med Plan for friluftslivets ferdsselsårer i kommunane
- Bidra til å gjere Valdres til ein ryddig og attraktiv region
 - Aksjon AQUA – Reine Vatn i Valdres



Frå Stølsruta. Foto: Yngve Ask

5 Kompetanse i Valdres

Hovudmål:

Kompetansen i befolkninga skal auke

Delmål:

- Fleire i Valdres skal auke vertskapskompetansen sin
- Varemerkebrukarane skal få auka kompetanse om merkevara Valdres, korleis vi forvaltar verdiane våre og om regional merkevarebygging
- Utviklinga i Valdres skal vera kunnskapsbasert

Tiltak:

- Utvikle vertskapskursa våre ValdresVert, både fagleg og ved å søkje å nå fleire målgrupper
 - I 2021 skal delar av innhaldet digitaliserast
 - Samarbeide med relevante aktørar som Vist Valdres, Innovasjon Norge, Valdres vidaregåande skule, Valdresmusea og andre om utvikling av innhald og gjennomføring av kurs
- Innanfor satsingsområda våre integrere kompetanseheving som ein naturleg del av arbeidet
- Bidra inn i Valdres kompetanseforum
- Samarbeide med høgskular, universitet og forskingsinstitusjonar for å styrke utviklinga i Valdres
- Bidra inn i Valdres kompetanseforum
- Saman med Valdres vidaregåande skule, Karrieresenteret og Innlandet fylkeskommune, arbeide for at fleire valdresungdomar fullfører vidaregåande skule og fagbrev
- Samarbeide med høgskular, universitet og forskingsinstitusjonar for å styrke utviklinga i Valdres
- Auke kompetansen og den felles kommunikasjonen med merkevarebrukarane
- Bidra inn i NMBU sitt godkjente forskingsprosjekt Planning for sustainable second-home development. (Kostnadane for deltaking dekkast av forskningsrådet).

Stavkyrkjer

- Opplæring av stavkyrkjeguidane, som ein del av ValdresVert

Festivalar

- Kurs /opplæring i festivalnettverket

Stigar og løyper

- Arrangere kurs i rydding, skilting og merking av turstigar i samarbeid med DNT Valdres og Valdres friluftsråd



Dragehovuda i varmerket vårt er inspirert frå portalen i Lomen stavkyrkje

6 Merkevara Valdres

Merkevarearbeidet er integrert i alt arbeidet

Hovudmål:

Auka verdiskaping i Valdres

Delmål:

- Betre kontrollen med bruk av varemerket Valdres (logoen). Det gjeld både for tenester og produkt som nyttar merket. (Dei som får lov til å nytte varemerket er merkevareberarar som er med og fyller innhaldet i merkevara Valdres. Det forpliktar.)
- Bistå elev- og ungdomsbedrifter med å utvikle produkt og tjenester som nyttar Valdres-logoen
- 30 nye varemerkeavtalar i 2022
- Valdres.no skal tydeleg kommunisere innhaldet og verdiane i merkevara Valdres. Innhaldet skal vera av slik kvalitet at valdres.no blir ein leiande regional nettportal
- Gjennom partnarskapsavtalar med nærings- og kulturlivet skal vi styrke kommunikasjon av verdiane og innhaldet i merkevara Valdres
- Bygge gode assosiasjonar ved hjelp av tekst, film og bilete

Tiltak:

- Lage fleire filmsnuttar av råmaterial vi har filma. Filmane skal vera med å styrke merkevara gjennom å synleggjera produkta og verdiane våre
- Innhente og utforme innhald til Valdresmagasinets 6 årlege utgåver
- Arbeide med å marknadsføre mat frå Valdres
- Samarbeide med Valdres Næringshage A/S om å teikne varemerkeavtalar med deira målbedrifter og samarbeide med Visit Valdres A/S om å teikne varemerkeavtale med medlemsbedriftene deira
- Målretta kommunikasjonsarbeid mot varemerkebrukarane og forklare kva slags verdiar som ligg i merkevara Valdres og korleis bedrifter kan vera med å fylle og utvikle merkevara Valdres med positivt innhald


Kommunikasjon

Mål:

- Auke verdien av merkevara Valdres

Tiltak:

- Bidra til VNK sitt arbeid med annonsar og illustrasjoner
- Utvikle biletbanken vår
- Lage fleire korte filmar og kampanjar
- Digitale flater
 - Valdres.no, vidareutvikle nettsidene våre saman med Visit Valdres A/S i tråd med inngått avtale.
 - Innhaltsutvikling og oppfølging av OutdoorActive i tråd med nye retningslinjer i samarbeid med Valdres friluftsråd og Visit Valdres A/S
 - Facebook, Instagram og andre aktuelle sosiale medier
- Støtte ulike arrangement og aktivitetar som fremmar merkevara Valdres
- Partnarskapsavtalar skal styrke kommunikasjonen og innhaldet av merkevara Valdres
- Utarbeide profilmaterial med Valdres-logo for sal
- Kommunisere Norske Parker gjennom arbeidet vårt og
- Tydeleggjera parkkonseptet i kommunikasjonen



www.valdres.no

Facebook

Discover the route >



T-skjorter og koppar for sal

Praktbok for Valdres

Mål :

- Ferdigstille boka som styrker merkevara Valdres

Tiltak:

- Engasjere skribentar og fotografar fortlaupane og i samarbeid med tilsett redaktør
- Utforme boka ferdig for trykk
- Lage og utføre marknadsplan for å marknadsføre boka

Norske Parker (sjå innleiing)

Kommunikasjon- og strategiarbeid i samarbeid med Norske Parker og parksnorway.com

7 Administrasjon og drift

Budsjettet i handlingsprogram 2022 bygger på uendra tilskot frå kommunar og ein intensjon om 2,5 millionar kr frå Innlandet fylkeskommune. Det er òg ein unytta rest partnarskapsmidlar frå tidlegare år, kr. 150 000 er teke inn i bulystprosjektet under Leve i Valdres.

Drifta er tilpassa desse økonomiske rammene. Tall årsverk er 6,2 . Dette er med prosjektstillinga i bokprosjektet og den to-årige prosjektstillinga i friluftsrådet. I tillegg kjem ekstern innleid hjelpekonsern som blir innleid om ein får prosjektmidlar i t.d. aksjon Aqua.

Norske Parker (NP) er inne på statsbudsjettet, det er lagt til grunn rammer som for 2022 til drifta, men òg noko sal av tenester til mellom andre NP. Det er lagt inn ein lønns- og kostnadsvekst ut frå kjende prognosar. Samarbeidet med Statsforvaltaren i Innlandets stadlege representant held fram i 2022. Budsjettet er lagt med strenge prioriteringar og krev nøyne oppfølging gjennom året. Det samla budsjettet inneholder både prosjekt som er godt i gang, prosjekt der det er løyvd prosjektmidlar og elles prosjekt der det er planar om å søkje finansiering. Dette gjev noko usikkerheit, men føreslede budsjett tek høgde for den risiko som måtte ligge i dette. VNK har dei seinare åra lagt positive resultat til eit disposisjonsfond. Dette er svært verdifullt for ein prosjektfinansiert organisasjon, og avgjerande for å ha nødvendig likviditet til ei kvar tid. I dagens situasjon er det formuelt å foreslå å bruke noko av dette fondet inn i budsjett for 2022. Mellom anna foreslår vi å finansiere praktboka på denne måten, men slik at når boka kjem for sal i 2022, vil desse pengane bli betalte attende.

Valdres Natur- og Kulturpark kjøper tenester hjå IKT Valdres og administrativ støtte på løn og rekneskap hjå Nord-Aurdal kommune. Innlandet revisjon reviderer rekneskapen.

Viktige samarbeidspartar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)
Nærings- og fiskeridepartementet (NFD)
Klima- og miljødepartementet (KLD)
Kulturdepartementet (KUD)
Samferdselsdepartementet (SD)
Landbruks- og matdepartementet (LMD)
Riksantikvaren
Innlandet fylkeskommune (IFK)
Statsforvaltaren i Innlandet (SFIN)
Eksterne fag- og forskningsorgan
Friluftsrådenes landsforbund
Norske parker
Miljødirektoratet
NLF
NHO Innlandet

Valdreskommunane (VK)
Visit Valdres AS (VV)
Valdres Næringshage AS (VNH)
Valdresmusea AS (VM)
Karrieresenteret Valdres /Valdres vgs
Merkevareorganisasjonane
NLR Innlandet
DNT Valdres
Valdres Hytteforum (VH)
Fjellnettverket
Valdres kommunale renovasjon (VKR)
Fjellnettverket
Distriktsenteret



«Naturen er et stort urverk som går og går.
La oss ikke pirke for mye med maskineriet»


Mikkjel Fønhus




Sør-Aurdal
kommune



Etnedal
kommune



Nord-Aurdal
kommune



Vestre Slidre
kommune



Øystre Slidre
kommune



Vang
kommune